

Alnæs i toppform

20. juni 2003 · Haavebua



190602-FP-Frode-Allnes

2003

20. JUNI

HAAVEBUA

Frå arkivet

FLORØ: Var du ikkje på Haavebua torsdag kveld, gjekk du glipp av ei musikkoppleving av dei store. Frode Alnæs med vener gav dei frammøtte ein kveld dei seint vil gløyme.

Foto Dag Magne Knapstad I FORM: Frode Alnæs var i storform på Haavebua torsdag, og viste publikum korleis ein verkeleg skal behandle ein gitar. (Foto: Kjartan Hjermann Døhlle) Forutan Alnæs sjølv på gitar, hadde han med seg eit sikkert og dyktig band på bass og trommer, altså klassisk rockeband-oppsetjing. Konserten byrja litt tregt, med eit litt uengasjert publikum og tekniske problem frå bandet si side. Men det tok seg verkeleg opp.

Gjester Då ein energisk Arne Hjeltne entra scena med ein gjesteoopptreden, og framførde ein blues om bakrus og eit dikt om alle gutar sin draum, Månestråle, gjekk stemninga verkeleg i taket. Såpass at straumen gjekk.

Er det Helse Vest som er på ferde igjen, hørde vi frå salen. Mens dei venta på Steinar Albrigtsen, måtte publikum greie seg med Rockeklubben sin eigen Albrigtsen Tor på munnspel. Noko som absolutt ikkje var ein dårleg måte å slå i hel tida på. Steinar Albrigtsen entra scena på Dance with a Stranger-låta Everybody needs a friend sometime. Vi sakna ikkje Elg. Med Frode Alnæs sin hylande gitar og ein Steinar Albrigtsen i kjempeform på vokal vart Jimi Hendrix sin Little wing verkeleg eitt av høgdepunkta. Eit anna høgdepunkt var då den lokale helten Tor Hjalte song med dei to andre rockarane på låta Johnny B Good.

Trampeklapp Etter den nesten to timar lange konserten ville publikum ha meir, og Alnæs gjekk av scena til trampeklapp og tillropa: Frode, Frode, Frode. Ingen tvil om kven som var gitarhelten i Florø torsdag.

OM ALNÆS I TOPPFORM

Utruleg gitarist Dei om lag 200 frammøtte byrja etter kvar både å danse og å rocke, og såg ut til å ha det upåklageleg. Frode Alnæs er ein fantastisk gitarist. Han spelar rolege balladar, irskinspirert musikk, blues, jazz og rock. Alnæs spelar gitarsoloar som gir assosiasjonar til 60- og 70-talet, og gitarheltar som Jimi Hendrix og Robin Trower. Han kan skape lyd på dei aller merkelegaste måtar. Blant anna ved å kutte gitarstrenger og ved å føre ølglass frå publikum langs gitarhalsen. Alnes spelte både coverlåtar og eigne låtar, og meistrar alt like bra.



HEILE ARKIVET

Skann QR-koden for Rockeklubben sitt permanente nettarkiv.
rockeklubben.no/arkivet

Kjelde: Florø Rockeklubb sitt originale nettarkiv. Kjelde-ID: 60.